



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 74

(2004–2005)

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av avgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006)

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 10. juni 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

MEDIA Plus-programmet vart opphavleg etablert for ein periode på fem år (2001–2005) gjennom europaparlaments- og rådsavgjerdene 821/2000/EF (MEDIA Plus – Utvikling, Distribusjon og Marknadsføring) og 163/2001/EF (MEDIA Plus – Utdanning). Programmet skal stimulere utviklinga av den audiovisuelle industrien i EU. Stortinget ga sitt samtykke til norsk deltaking i det femårige programmet i samsvar med St. prp. nr. 56 (2000–2001) og Innst. S. nr. 218 (2000–2001).

Europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF inneber at fellesskapet sitt program for audiovisuell industri vert lengt med eitt år. Lenginga heng saman med Kommisjonen sitt behov for å evaluere programmet og behovet for å få nok tid til å utarbeide og vedta det etterfølgjande programmet (MEDIA 2007).

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 av 29. april 2005 vart det vedteke å endre protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridomane til også å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF av 29. april 2004 om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006).

Avgjerda i EØS-komiteen vart teken med atterhald om samtykke frå Stortinget, ettersom gjennomføringa i norsk rett gjer det naudsynt med budsjettvedtak, jf Grunnlova § 26 andre leddet og EØS-avtala artikkel 103.

Uoffisiell norsk omsetjing av avgjerda i EØS-komiteen og europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF følgjer som vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om europaparlaments- og rådsavgjerdene

Lenginga inneber inga endring i innhaldet i programmet. Dei overordna måla for MEDIA Plus vil framleis vere å medverke til å skape ein sterkare felles europeisk marknad for audiovisuelle tenester, å utvikle ein europeisk programindustri som er i stand til å møte dei kulturelle og økonomiske krava informasjonssamfunnet stiller, og å sikre at filmindustrien i medlemslanda kan bli konkurransedyktig på verdsmarknaden. Det blir lagt særleg vekt på behov i statar og regionar som har låg produksjonskapasitet og/eller avgrensa språkleg og geografisk nedslagsfelt. Programmet legg òg vekt

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av avgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006)

på omsynet til uavhengige produsentar og distributørar, og omsynet til den europeiske kulturarven.

Støtte vil verte gitt til utvikling av prosjekt, distribusjon av europeiske verk og marknadsføringsaktivitetar. Vidare vil det verte gitt støtte til utdanning for yrkesutøvarar i den europeiske audiovisuelle industrien. Støtte til utvikling og distribusjon vert i hovudsak gitt som lån, medan støtte til tiltak retta mot opplæring vert gitt som tilskott. Programmet skal supplere nasjonale og regionale tiltak i EØS-området, og støtta kan som hovudregel dekkje inntil 50 prosent av dei prosjekterte kostnadene. Programmet har tre satsingsområde:

Utvikling

Programmet gir støtte til utvikling av drama,- dokumentar,- og animasjonsprosjekt for kino og fjernsyn i fasen før produksjon. Støtta blir gitt som økonomisk og teknisk bistand til produsentar, m.a. til manuskriptutvikling og utvikling av finansierings- og marknadsføringsplanar. Vidare kan prosjekt som nyttar ny teknologi (særleg multimediateknologi) og animasjonsteknikk retta mot den europeiske marknaden, få støtte.

Distribusjon

MEDIA Plus skal gi støtte til å fremje distribusjon av europeisk film, video og fjernsynsprogram i og utanfor Europa gjennom tiltak retta mot distributørar, produsentar og kinoar. Støtta skal fremje fleirnasjonalt samarbeid mellom filmprodusentar og fjernsynsselskap. Ho skal vidare styrkje tilgangen til den internasjonale marknaden for uavhengige produsentar og distributørar, både i Europa og globalt. Kostnader i samband med tiltak som fremjar fleispråklege produksjonar, som dubbing og underteksting, vert gitt særleg prioritet.

Utdanning

Programmet skal styrkje grunnleggjande opplæring og etterutdanning for yrkesutøvarar i den audiovisuelle sektoren. Programmet skal gi støtte til opplæring i økonomisk og forretningsmessig leiing, juridiske spørsmål, utnytting av ny teknologi, manuskriptutvikling og instruksjon. MEDIA Plus skal fremje samarbeid, nettverksbygging og utveksling av kunnskap og personell mellom utdanningsinstitusjonar i dei ulike statane.

Eigne panel med ekspertar frå medlemsstatane, oppretta av Kommisjonen, vurderer og gir innstilling om tildeling av midlar innanfor dei eins-

kilde programområda. Kommisjonen fattar endelig vedtak om tildeling.

Det opphavlege budsjettet for støtteprogrammet var på 400 millionar euro (350 millionar euro til utvikling, distribusjon og marknadsføring, og 50 millionar euro til utdanning) for perioden 2001–2005. Etter vedtaket om å lenge programmet med eitt år, er det totale budsjettet for perioden 2001–2006 på 511 millionar euro (453,6 millionar euro til utvikling, distribusjon og marknadsføring, og 57,4 millionar euro til utdanning). Budsjettauken har også tatt høgde for EU-utvidinga.

3 Avgjerda i EØS-komiteen

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 av 29. april 2005 inneheld ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom vedtak i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at protokoll 31 får ei tilføyning om at samarbeidet vert utvida til òg å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF av 29. april 2004.

Artikkel 2 føreset av avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

4 Tilhøvet til norsk rett

Deltaking i lenginga av MEDIA Plus krev ikkje endring i norske lover eller forskrifter.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Den totale ramma for lenginga av MEDIA Plus er 111 millionar euro. Rekna ut frå 2005-nivået, vil tilskotet frå EØS/EFTA-statane (2,11 prosent) vera på om lag 2,34 millionar euro. Noreg sin del (95 prosent) vil vera i underkant av 2,22 millionar euro. Med ein eurokurs på 8,5 vil det norske bidraget for 2006 såleis utgjere om lag 18,9 millionar norske kroner.

Bidraget vil verte finansiert over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett (kap 334 Film- og medieføremål, post 75 Medieprogram) for 2006. Innlemming av europaparlaments- og rådsavgjer-

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av avgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006)

dene er ikkje venta å ha større administrative konsekvensar.

gram for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006). Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

6 Konklusjon og tilråding

Den norske audiovisuelle bransjen tek aktivt del i MEDIA Plus, og erfaringane synest å vera gode. Noreg mottok meir støtte frå dette programmet enn det Noreg betalar i bidrag. I tillegg kjem dei ikkje-målbare resultatane, som auka kompetanse og nettverksbygging. Kultur- og kyrkjedepartementet tilrår at Noreg godkjenner avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt pro-

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program til audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006), i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala av avgjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006)

Forslag

**til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd
i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlemming i EØS-avtala
av europaparlaments- og rådsavgjerdene 845/2004/EF
og 846/2004/EF om lenging av fellesskapet sitt program
for audiovisuell industri (MEDIA Plus 2006)**

I
Stortinget gjev samtykke til at Noreg tar del i
avgjerd i EØS-komiteen nr. 75/2005 om innlem-
ming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsav-

gjerdene 845/2004/EF og 846/2004/EF om len-
ging av fellesskapet sitt program for audiovisuell
industri (MEDIA Plus 2006).

Vedlegg 1

EØS-komiteens beslutning nr. 75/2005 av 29. april 2005 om endring av protokoll 31 til EØS-avtalen om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 86 og 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens protokoll 31 er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 90/2004 av 8. juni 2004⁽¹⁾.
2. Samarbeidet mellom avtalepartene bør utvides til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak nr. 845/2004/EF av 29. april 2004 om endring av vedtak nr. 163/2001/EF om iverksetting av et opplæringsprogram for yrkesutøvere i den europeiske audiovisuelle programindustri (MEDIA-opplæring) (2001–2005)⁽²⁾, rettet ved EUT L 195 av 2.6.2004, s. 1.
3. Samarbeidet mellom avtalepartene bør utvides til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak nr. 846/2004/EF av 29. april 2004 om endring av rådsbeslutning 2000/821/EF om iverksetting av et program for å fremme utvikling, distribusjon og markedsføring av europeiske audiovisuelle verk (MEDIA Plus – utvikling, distribusjon og markedsføring) (2001–2005)⁽³⁾, rettet ved EUT L 195 av 2.6.2004, s. 2.
4. Avtalens protokoll 31 bør derfor endres for å gjøre et slikt utvidet samarbeid mulig fra 1. januar 2006 –

BESLUTTET FØLGENDE:

¹ EUT L 349 av 25.11.2004, s. 52, og EØS-tillegget til EUT nr. 59 av 25.11.2004, s. 26.

² EUT L 157 av 30.4.2004, s. 1.

³ EUT L 157 av 30.4.2004, s. 4

Artikkel 1

I avtalens protokoll 31 artikkel 9 gjøres følgende endringer:

1. I nr. 4 fjerde strekpunkt (europaparlaments- og rådsvedtak nr. 163/2001/EF) skal nytt understrekpunkt lyde:

«– **32004 D 0845**: Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 845/2004/EF av 29. april 2004 (EUT L 157 av 30.4.2004, s. 1), rettet ved EUT L 195 av 2.6.2004, s. 1».

1. I nr. 4 femte strekpunkt (rådsbeslutning 2000/821/EF) tilføyes følgende:

«, endret ved:

– **32004 D 0846**: Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 846/2004/EF av 29. april 2004 (EUT L 157 av 30.4.2004, s. 4), rettet ved EUT L 195 av 2.6.2004, s. 2».

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft dagen etter at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1(*).

Den får anvendelse fra 1. januar 2006.

Artikkel 3

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Brussel, 29. april 2005.

For EØS-komiteen

Formann

R. Wright

EØS-komiteens sekretærer

Ø. Hovdikkinn

M. Brinkmann

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 845/2004/EF av 29. april 2004 om endring av beslutning nr. 163/2001/EF om iverksetting av et opplæringsprogram for yrkesutøvere i den europeiske audiovisuelle programindustri (MEDIA-opplæring) (2001–2005)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR –

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 150 nr. 4,

under henvisning til forslag fra Kommisjonen,

under henvisning til uttalelse fra Den europeiske økonomiske og sosiale komité⁽¹⁾,

under henvisning til uttalelse fra Regionkomiteen⁽²⁾,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251⁽³⁾ og

ut fra følgende betraktninger:

1. Europaparlamentet og Rådet iverksatte med beslutning nr. 63/2001/EF⁽⁴⁾ MEDIA-programmet, et opplæringsprogram for yrkesutøvere i den europeiske audiovisuelle programindustri, for tidsrommet 1. januar 2001 til 31. desember 2005.
2. Det er avgjørende å sikre kontinuitet i fellesskapets støtte til den europeiske audiovisuelle industrien med hensyn til de mål som fellesskapet har fastsatt i traktatens artikkel 150.

3. Det er videre også avgjørende at Kommisjonen senest 31. desember 2005 legger frem en fullstendig og detaljert evalueringsrapport om opplæringsprogrammet MEDIA, slik at den lovgivende myndighet får tid til å vurdere forslaget om et nytt MEDIA-program med oppstart i 2007, og slik at budsjettmyndigheten kan evaluere behovet for en ny finansiell ramme. –

VEDTATT DETTE DIREKTIV:

Artikkel 1

I beslutning nr. 163/2001/EF gjøres følgende endringer:

1. I artikkel 1 endres «31. desember 2005» til «31. desember 2006».
2. I artikkel 4 nr. 5 skal «52 millioner euro» erstatte med «59,4 millioner euro» i henhold til Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 786/2004/EF om tilpassing av referansesummane for å ta omsyn til utvidinga av Den europeiske unionen.

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft den dag den er kunnngjort i *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Strasbourg, 29. april 2004.

For Europaparlamentet

For Rådet

President

Formann

P. COX

M. McDOWELL

¹ EUT C 10 av 14.1.2004, s. 8.

² EUT C 23 av 27.1.2004, s. 24.

³ Europaparlamentsuttalelse av 12. februar 2004 (ennå ikke kunnngjort i Den europeiske unions tidende) og rådsbeslutning av 26. april 2004.

⁴ EFT L 26 av 27.1.2001, s. 1. Beslutning endret ved beslutning nr. 786/2004/EF (EUT L 138 av 30.4.2004, s. 7).

Vedlegg 3

Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 2004/846/EF av 29. april 2004 om endring av rådsbeslutning nr. 2000/821/EF om iverksetting av et program for å fremme utvikling, distribusjon og markedsføring av europeiske audiovisuelle verk (MEDIA Plus – utvikling, distribusjon og markedsføring) (2001–2005)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR –

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 157 nr. 3,

under henvisning til forslag fra Kommisjonen,

under henvisning til uttalelse fra Den europeiske økonomiske og sosiale komité⁽¹⁾,

under henvisning til uttalelse fra Regionkomiteen⁽²⁾,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251⁽³⁾ og

ut fra følgende betraktninger:

1. Europaparlamentet og Rådet iverksatte med beslutning nr. 2000/821/EF⁽⁴⁾ MEDIA Plus-programmet, som fremmer utvikling, distribusjon og markedsføring av europeiske audiovisuelle verk, for tidsrommet 1. januar 2001 til 31. desember 2005.
2. Det er avgjørende å sikre kontinuitet i fellesskapets støtte til den europeiske audiovisuelle industrien med hensyn til de mål som fellesskapet har fastsatt i traktatens artikkel 157.

3. Det er videre også avgjørende at Kommisjonen senest 31. desember 2005 legger frem en fullstendig og detaljert evalueringsrapport om MEDIA Plus-programmet, slik at den lovgivende myndighet får tid til å vurdere forslaget om et nytt MEDIA Plus-program med oppstart i 2007, og slik at budsjettmyndigheten kan evaluere behovet for en ny finansiell ramme. –

VEDTATT DENNE BESLUTNING:

Artikkel 1

I beslutning 2000/821/EF gjøres følgende endringer:

1. I artikkel 1 nr. 1 endres «31. desember 2005» til «31. desember 2006».
2. I artikkel 5 nr. 2 skal referansebeløpet «350 millioner euro» erstattes med «453,6 millioner euro», inkludert tilpasningen som tar hensyn til utvidelsen, i samsvar med revisjonen av det finansielle overslaget.

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft den dag den er kunnngjort i *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Strasbourg, 29. april 2004.

For Europaparlamentet

For Rådet

President

Formann

P. COX

M. McDOWELL

¹ EUT C 10 av 14.1.2004, s. 8.

² EUT C 23 av 27.1.2004, s. 24.

³ Europaparlamentsuttalelse av 12. februar 2004 (ennå ikke kunnngjort i *Den europeiske unions tidende*) og rådsbeslutning av 26. april 2004.

⁴ EFT L 336 av 30.12.2000, s. 82.



Grafisk produksjon: PDC Tangen a.s

241 333
Trykkast